


BOKN BYGDEBLAD

Nr. 2. februar 1987 årg. 2

Nytt bustadfelt pa Austre Bokn?

Bokn formannskap gjorde i sak 23/87 vedtak om at det skal lagast til ein reguleringsplan for bustader på områda ned mot Boknasundet sør for den planlagde riksvegbrua på Austre Bokn.

Det er bygningsrådet som har fått i oppgåve å laga til ein reguleringsplan for området.



Bustadfeltet vil ha ei naturleg avgrensing til sørsida av den nye traseen til Boknasund bru og vest for eksisterande fylkes veg.

PRESENTASJON AV LAG OG FORENINGAR I BOKN:

I DAG: BARNEFORENINGEN "HAVDUR"

SJØMANNSMISJONSFORENINGA I
KÝRKJEBYGDA

HOGNALAND SJØMANNSMISJONS-
FORENING

Barneforeningen "Havdur"

Barneforeningen "Havdur" jr. blei starta i 1979. Då var medlemstalet 18 - 20 stk. Men nå er det berre 8 - 10 som møter opp, og dei er trufaste.

Me har forening ein gong kvar fjortande dag. Håndarbeida me lagar, loddar me ut på basar som me har om hausten.

Kvart år har me ein hovudgevinst som me set ut for basaren og får litt ekstra pengar på. På basaren sel me kaffi og kaker som medlemane har laga.

Foreningen er tilslutta Den Norske Sjømannsmisjonen.

Helsing

Elly Borgenvik
Signe Berge

Sjømannsmisjons- foreninga i Kyrk- jebygda

Foreninga for Den Norske Sjømanns-

misjon i Kyrkjebygda vart stifta i 1902, så den blir 85 år dette året.

Me har kalla foreninga vår for "Havdur". Den første som var formann var Anna Sæbø. Foreningsmøtene har me annankvar tirsdag, då får me mat og kaffi. Me syng og les frå sjømannsmisjonens sitt blad "Bud og Hilsen".

Medlemstalet har variert frå 10 - 12 til ned i 4 stk. Nå er me 7, men er svært takknemlig for fleire medlemer.

Me sender og julepakker til sjøfolk.

Basaren har me i april. Då får me besøk av kretssekretaren vår Arnold Skogen. Han held andakt og viser film frå sjømannskyrkjene. Det er jo det som er mottoet for arbeidet vårt at sjøfolka skal ha ein plass dei kan gå til når dei er i land. Det er fortalt av sjøfolk at kyrkja er som ein heim for dei.

Helsing

Asta Hognaland

Hognaland Sjømannsmisjonsforening

Hognaland Sjømannsmisjonsforening vart stifta i 1905. Ragna Sønnalund var formann, og ho hadde foreningsmøta i heimen sin til Bedehuset vart bygd i 1920.

Då vart foreninga lagt til littlestova i Bedehuset. Foreningsmøta vart halde annankvar tirsdag, og basar om hausten. I seinare år har medlemene hatt foreninga i heimane sine om kvelden og basar i månadskifte juli-august. Det som kjem inn på basaren blir delt mellom Den Norske- og Den Indre sjømannsmisjon.

Utanom først nemde har desse vore formenn: Teudora Økland, Ellen Våga, Magnhild S. Are og nå Solveig Våga Loten. For tida er det 7 medlemer i foreninga. Me held andakt, syng og les. Og så er det mat og handarbeid til basaren.

Med helsing

Solveig Våga Loten

Arsmøte i Bokn Kr.F.

Arsmøte i Bokn Kr.F. vart halden 30.01.87.

I 1986 har det vore 4 styremøter og 1 medlemsmøte. Av sakene styre har handsama kan ein nevne ein uttale til fagutvalet i Rogaland Kr.f. vedrørande komunikasjonane til Bokn. Der ba styret om å få att fyrste avgang med ferja på søndagar i vinter-

halvåret. Ein ynskte også å få Westamaran til å gå innom Austre Bokn når der var reisande til og frå.

Styret ba og om at Flaggruta som går frå Stavanger kl. 13.00 måtte gå innom Føresvik.

På årsmøtet vart valprogrammet for kommunevalet 1987 vedtatt.

Det nye styret er:

Sverre Øvrebø, formann

Sigurd Johnny Svendsen, nestformann

Solveig Våga, Loten, kasserar

Sigmund Alvestad, sekretær

Karen Hetland, styremedlem

SØKNAD FRA BOKN STAMFISK A/S OM KONSESJON.

Bokn formannskap gjorde i møte den 10. februar 1987 slikt vedtak:

1. Bokn formannskap har ut i frå kommunen sine arealplaner inga merknader til plassering av eit stamfiskanlegg ved Halvardsvika.
2. Ut i frå den betydning oppdrettsnæringa vil kunne få i ein næringssvak kommune som Bokn, både når det gjeld sysselsetting og når det gjeld busetting, ser Bokn formannskap positivt på ei etablering av eit stamfiskanlegg i kommunen.
3. Bokn formannskap finn det rimeleg at ein av dei to stamfiskkonsejonane som skal delast ut i denne samanhengen, vert lokalisiert til Nord-Rogaland, både ut i frå distriktpolitiske hensyn og ut i frå den spreieing det er av oppdrettsanlegga i Rogaland.
Bak Bokn Stamfisk A/S knytter det seg interesser frå store deler av Nord-Rogaland, og Bokn formannskap vil sterkt tilrå at søknaden vert innvilga.

KAMPAJNE



FLERE KVINNER I KOMMUNESTYRENE!

Kampanjen FLERE KVINNER I KOMMUNESTYRENE er ein landsomfattande kampanje som er støtta av følgjande organisasjonar:

Norske Kvinners Nasjonalråd, Norges Husmor forbund, Norges Bondekvinnelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlags Kvinnegruppe, Norsk Kvinnesaksforening, Kvinnefronten, Oslo Faglige Kvinnebevegelse, Det Norske Arbeiderpartis Kvinnsekretariat, Høyrekvinners Landsforbund, Kristelig Folkepartis Kvinner, Senterkinnene, SV's Kvinnepolitiske Utvalg, Venstre, Det Liberale Folkeparti, Likestillingsrådet.

På landsbasis er kvinneandelen i kommunestyra 23,8%, og kampanjen vil at likestillingsnemndene i kommunane skal ta initiativ for å heva denne prosenten ved komande val.

I Bokn er det 2 av 17 representantar i kommunestyret som er kvinner. Senterpartiet og Høgre er det som har ei kvinne kvar i kommunestyret. Dette er ein kvinneandel på 11%, altså under det halve av landsgjennomsnittet.

Halvparten av befolkninga i Bokn er kvinner. Utgangspunktet er ikkje at mennene skal ut av politikken, men at kvinner bør visa interesse og vera med på lik linje med mennene og bestemma kva utvikling og framtid me skal ha her i kommunen vår.

Kvinner har ofte erfaring frå felt i samfunnet som menn har mindre kjennskap til, og kan såleis bringa viktige erfaringar og synspunkt inn når avgjerder skal tas.

Likestillingsnemnda i Bokn hadde møte den 17. februar og vedtok då å støtta denne kampanjen.

Nemnda vil senda brev til alle partia i Bokn med oppmodning om å føra kvinner opp på sikre plasser når partia skal setja opp vallistene.



ELSE NILSSEN STYRAR VED BOKN SJUKESTOVE OG HEIMESJUKEPLEIESJEF

Bokn kommunestyre vedtok den 17.02.87 at Else Nilssen skal tilsettjast som kombinert styrar ved Bokn sjukestove og heimesjukepleiesjef frå 1.mai 1987. I realiteten er dette ei utviding av den stillinga ho i dag har som heimesjukepleiesjef.

Aksjon skuleveg 1986

NYE VEGLYS PÅ STREKNINGA FØRESVIK - ALVESTADKROKEN OG FØRESVIK - BOKNE- BERG.

Bokn kommune har fått løyvd tilsaman kr.70.000,- frå fylkestrafikksikringsutvalet og Rogaland fylke til oppsetjing av nye veglys på strekninga Føresvik/Alvestadkroken og Føresvik/Bokneberg.

Kommunestyret har vedteke at veglysa skal utplasserast på desse strekningane.

Det vil bli ca. 12 nye lys.

GOD SKATTEINNGANG I 1986

I høve til dei budsjetterte skatteinntektene for 1986 på kr.3.071.000,- kom det inn kr.576.278,- meir. Det vil seia at skatteinntektene vart 18,8% høgare enn budsjettet og 27% auke i høve til foregåande år.

Honorar til aktivitetsleiarar

Bokn kulturstyre gjorde i møte den 27.januar 1987 slikt vedtak:

"Bokn kulturstyre vil oppmoda organisasjonar som ved arrangement nyttar seg av profesjonelle deltagarar til underhaldning, å tilby godtgjering for dette."

Bakgrunn for at saka kom opp, er at nokre få personar vert svært mykje brukt som underhaldningskrefter i visse periodar. Desse personane får då både kveldar og helger i periodar som er heilt avsette til slike føremål. I tillegg krevs det tid til å øva og førebu seg.

Kulturstyret meiner at desse personane som til nå har tatt på seg dette, har gjort ein god innsats, men ein kan ikkje forventa at dei same personane alltid skal stilla opp utan noko form for godtgjering. Når dei gjer ein innsats for lag og organisasjonar som dei sjøl ikkje er medlemmer i.

SØKNAD FRA VÅGEN LAKS A/S OM KON SESJON STAMFISK

Bokn formannskap gjorde den 10.febr. 1987 slikt vedtak:

1. Bokn formannskap har ut i frå kommunen sine arealplaner inga merknader til plasseringa av eit stamfiskanlegg ved Kallabergsvik i Ognasund.
2. Bokn formannskap ser positivt på søknaden frå Vågen Laks A/S, og vil rá til at søknaden vert innvilga.

VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN — MARS 1987

Man.	2.mars	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.08-16.unntatt tirsd	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08.
Tir.	3		
Ons.	4	Marie Faye har vakt frå kl.08-16	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08
Tor.	5		
Fre.	6		
Lør.	7	Gunn Grønnestad har vakt heile helga.	
Søn.	8		
Man.	9	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.08-16.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Tir.	10		
Ons.	11	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Tor.	12		
Fre.	13		
Lør.	14		
Søn.	15	Marie Faye har vakt heile helga.	
Man.	16		
Tir.	17	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08.
Ons.	18		
Tor.	19		
Fre.	20		
Lør.	21	Gunn Grønnestad har vakt heile helga.	
Søn.	22		
Man.	23		
Tir.	24	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar	Marie Faye har vakt frå kl.16-08
Ons.	25		
Tor.	26		
Fre.	27		
Lør.	28	Else Nilssen har vakt heile døgnet frå fredag 27/3 kl.08 til mandag 30/3 kl.08.	
Søn.	29		

MERK.

På tirsdagane på dagtid ut-
fører heimesjukepleien berre
faste pleieoppdrag. Andre som
treng hjelpe denne dagen kontak-
tar legekontoret tlf. 74 84 65.

LEGE.

Dr. Aune er her kvar tirsdag.
Turnuskandidaten kjem 2. og
sistre fredag i kvar månad. I
mars 13. og 27.

TELEFONAR:

ELSE NILSSSEN	74	83	38
GUNN GR.STAD	74	85	93
MARIE FAYE	74	84	55
LEGEKONTORET	74	84	65

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag 11.
mars.
Påmelding til sosialkontoret
som vanleg.

LEGEVAKTTENESTA

For dei som ønskjer kon-
takt med legevakta direkte
utan om heimesjukepleien
er tlf. 85 25 20 Kopervik
kvardagar mellom kl.15-18.
Lør. og Søn. er det døgn-
vakt.

KAIEN I FISKERI-HAVNA VIL KOSTA 1.776 MILL. KR.

Bokn kommunestyre vedtok den 17. februar å løyva desse midlane til dette anlegget, og at firma Stoltz Røthing A/S får oppdraget.

Det kom fram kritiske merknader til det framlegget til tomtefordeling som låg føre. Slik saka var framlagt, sto det i saksframstillinga frå kommuneingeniøren (prosjekt for almenningskai) at kommunen har kome fram til eit tomtedelingsframlegg for fiskemottak og notverkstad, og at kaipllassering og kailengde måtte vurderast i høve til denne planen.

Ingolf Kro meinte at både tilførselsveg og kaiplass ville bli for trang dersom ein skulle leggja vedlagte kart til grunn for plassering av kai og tomter. Han kom derfor med eit framlegg om at formannskapet måtte vurdera plasseringa av tomta til notverkstaden, slik at det blir rommeleg tilførselsveg og plass på kaien også for andre brukarar av almenningskaien.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FOLKETRYGDA
845.000 menneske har pensjon som livsgrunnlag i Norge.
I 1986 var dei samla utgiftene til folketrygda på over 74 milliardar kroner.

PRISAR FOR INDUSTRITOMTER VED KNARHOLMEN

Bokn kommunestyre vedtok i siste møte desse prisane for industritomter ved Knarholmen:

1. Arealet til sjø bygsles for ein pris av kr.10,- pr m². Kommunale avgifter kjem i tillegg.

Tomtene kan berre nyttast til den bruk som det er søkt om. Bokn kommune har rett til å heva bygslingsavtalen dersom tomten vert nytta til eit føremål som er i strid med søknaden eller i strid med den type verksemdu fiskerihavna er planlagd for. Bokn kommune skal i slike tilfelle ha rett til å overta bygninga på tomten etter takst.

2. Areala innafor skal opparbeidast av kommunen.

Det skal opparbeidast grusa veger som fører fram til fleire tomter. Vatn og kloakk skal førast fram i vegen. Lys/straum skal førast fram i vegen. Tomteprisen skal ikkje oppgis som fast pris, men med ein antydning til rundt kr.20,- pr.m². Endeleg pris vert avgjort av storleiken på tomta som ynskjes, aktivitet som skal drivast og kva slag tomt.

Vurderinga skal inngå i ei heilskapsvurdering av utnyttингa av det lokale arealet.

Prisen vert underlagt ei årleg regulering. Avgifter kjem i tillegg.

FOLKETRYGDA ER 20 ÅR

I Bokn kommune har 158 menneske pensjon (barnetrygd ikkje medrekna). I 1986 vart det utbetalt kr. 6.583.000,- i pensjonar. Samla utbetalinger frå trygdekontoret var i 1986 kr.9.789.000,-.

PLUKK FRA IDRETTSLAGET

I år er det for første gang påmeldt seniorlag fra Bokn til fotballens 9-divisjon.

Alle interesserte fotballgutter mellom 15 og 50 år kan møte til trening på Bokn skule hver lørdag kl.13.00.

Målet er å spille laget til 1. divisjon !!!

Kontaktperson:Svein Ove Alvestad.

Andre treningstider:

(på Bokn skule)

Barnetrim (3-6 år)

Mandag kl.16.00 - 17.00

Lillepiker og småpiker

Mandag kl.17.15 - 18.30

Dametrim

Tirsdag kl.20.00 - 21.30

Miniputter/lilleputter

Onsdag kl.17.15 - 18.30

Friidrett (alle interesserte)

Fredag kl.17.15 - 18.30

Smågutter

Søndag kl.14.00 - 16.00

Volleyball

torsdag kl.20.00-21.30

Laget er selvfølgelig også åpent for andre aktiviteter dersom noen har lyst og anledning til å dra i-gang noe nytt.

Hva med start av en joggegruppe? Idrettslaget har treningsopplegg for de som aldri har mosjonert og de som trener litt av og til. Skulle det være noen som har lyst til å være med kan de kontakte Hans Faye.


Til orientering vil en allerede nå nevne at det vil bli arrangert danseskurs den 10. og 11.april i swing/rock,samba og tango.Kurset vil være for medlemmer i alle aldre.

Så gutter og jenter, - finn dere en dansepartner og møt frem til morsomme dansetimer.(Kurset vil bli annonsert igjen senere).

Til slutt vil en minne om at personer som eventuelt ønsker å støtte opp om lagets arbeid og som ikke har mottatt innbetalingskort for medlemskontingent 1987, kan henvende seg til Lindy Haram.

Dersom noen er i tvil om de kan delta på noen av treningene, kan de kontakte Hans Faye.Idrettslaget vil ellers gjøre oppmerksom på at alle aktive må være medlem.

Biblioteket



OPNINGSTIDER:

TYSDAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

TORSDAG: 10⁰⁰ - 13⁰⁰

tlf. 748465


LESETIPS FOR MARS:

- * Rökke, Mona:
Ingen tid for tårer. 1986.
- * Skau, Annie:
Min kinesiske dagbok. 1986.
- * Borch, Christian:
Kronprins Harald. 1986.
- * Paulsen, Jon Bøe:
Under Sydkorset. Romanen om polfareren Hjalmar Fr. Johansen.
- * Innes, Hammond:
Grönt gull. Spenningsroman. 1986.
- * Deforges, Régine:
I hevnens skygge. Bind 3 og forts. av "Den blå sykkelen."

**BOKKER ER SOM
REGN...**

NYE bøker for barn:

- * Heggland, Johannes:
Syskenlaget 1986. Ny utg.
- * Fretheim, Tor:
Englene stanser ved Eventyrbua. 1986. Ungdomsbok.
- * Bergström, Gunilla:
God natt, Albert Åberg.



GASSKRAFTVERKET

Bokn kommune arbeider framleis for å få Statkraft til å vurdera Ognøy som alternativ plassering av gasskraftverk i tillegg til Arvik i Tysvær.

Statkraft har nyleg sagt at dei kun vil vurdera Årvik i Tysvær når dei søker om konsesjon.

Spørsmålet om å få Ognøy med i vurderinga må nå tas opp på høgt nivå i departementet dersom Statkraft i det vidare arbeidet skal ta Ognøy med som alternativ.

Det vil innan kort tid bli avgjort om Statkraft skal ta med Ognøy som alternativ plasseringsstad, og utslepp av varmtvatn må i tilfelle bli på vestsida av Ognøy. I tilfelle dette skjer, må det varme vatnet utnyttast til t.d. oppdrettsnæring. Det kan også få konsekvenser for Ognasundet som skipslei, pluss planlagde bruhøgder i Frekasundet.

Kommunestyret meinte at ein måtte arbeida aktivt med denne saka, sjøl om det kunne få andre konsekvenser for skipsleia i området dersom ein fekk kraftverket til Ognøy.

Oppklaring frå BOKN HØYRE

Bokn høyre står ikkje bak formannen sin kritikk av den politiske og administrative leiinga i kommunen.

Dette kom fram på slutten av kommunestyremøtet den 17. februar. På direkte spørsmål frå ordføraren, svara høyre-gruppa at verken kommunestyregruppa eller styret i høyre står bak den kritikken som høyreformannen i avisinlegg har kome med mot leiinga i kommunen.

ODD GRØNNESTAD FEKK KONSESJON.

Bokn kommunestyre vedtok den 17. februar at Odd Grønnestad får konseksjon til å kjøpa gnr. 22, bnr. 1 og 7 i Bokn.

Vilkåret er at den nye eigaren flyttar til eigedommen innan eit år etter at konseksjon er gitt, og at han sjøl bur der og driv eigedommen i minst fem år i samanheng.

Ledig vikariat - Bokn folkebibliotek

Frå 01.06.1986 er det ledig eit 20 vekers vikariat ved Bokn folkebibliotek. Vikariatet vil gå fram til 9. november 1987.

Biblioteket vil vera stengt ein periode i sommar p.g.a. ferie og flytting til Kombibygget.

Stillinga utgjer 3/10 av full stilling.

Løn etter stillingskode 6782 i det komm.lønsregulativ, dvs. 1.tr.9 -17 etter 12 år.

Opplysningar om stillinga kan ein få ved å venda seg til Biblioteket.

Søknad med kopi av attestar og vitnemål sender ein til administrasjonsutvalet i Bokn innan 20.mars 1987.

B-POST

NAMN _____

ADRESSE _____

ARRANGEMENT I MARS :

- 13.mars: Kino
15.mars: Bokn Brass held konsert
20.mars: Bokn Handelslag har årsmøte.
21.mars: Bokn Musikkskule har konsert.
27.mars: Skulekorpsset har Bingo.
- DISKOTEKET:**
7.mars og 21.mars.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den 11.mars. Påmelding til sosial kontoret tlf. 74 85 32.

18.mars: Hognaland barneforening har basar.

Barneforestillinga

"HELDIGGRISEN"

Dansekompani COLLAGE har fredag den 13. mars kl. 15.30 barne forestillinga "HELDIGGRISEN" i gymnastikksalen på Bokn skule.

Forestillinga passar for barn frå 3 - 9 år.

COLLAGE er m.a. kjend frå TV. I 1986 vart "HELDIGGRISEN" vist i Barne TV.

Inngangspengar: kr. 5,-.
Arrangør: Bokn kulturstyre.



ENDRA RENTESATSAR

UTLÅN - INNSKOT



FRA 18.02. ER DET FØRETATT DESSE RENTEENDRINGANE I SR-BANK:

Kassakreditt ned med 0,5% til 14% 1/4% provisjon

Driftskreditt ned med 0,5% til 15%

Nye bustadlån ned med 0,5% til 15,5% - 16,5%

SOM EIN FYLGJE AV DETTE VERT RENTA PÅ HØGRENTEKONTO ENDRA SLIK:

11% inntil kr. 50.000,- (som før)

14% for det som overstig kr. 50.000,- (tidlegare 14,5%)

KANSKJE DU KAN FÅ EIT BETRE UTBYTE AV DINE BANKINNSKOT?

KOM INNOM OG SNAKK MED OSS, ELLER TA EIN TELEFON, SÅ SKAL VI SJÅ KVA SOM ER DEI BESTE VILKÅRA VI KAN GJE DEG

HUGS AT DET PÅ HØGRENTEKONTO ER HØVE TIL 4 GEBYRFRIE UTTAK PR. ÅR, OG I TILLEGG TIL DETTE KAN DU FRITT TA UT SISTE ÅRS RENTE

Med helsing frå oss i

SR-BANK Bokn